

Retningslinjer for kommunalt næringsfond i Sogndal kommune

Vedteke i formannskapet sak XX/XXXX den 17/3/21.

1. Bakgrunn

Retningslinjene gjeld for kommunalt næringsfond i Sogndal kommune, etablert etter prop. 79 S (2020-2021) «Økonomiske tiltak i møte med pandemien».

2. Forvaltning av fondet

Fondet skal nyttast i samsvar med «Tilskuddsbrev kommunal kompensasjonsordning til lokale virksomheter» av 25. februar 2021. All støtte skal gjevast i samsvar med regelverket for offentlig støtte.

Det er gjort fylgjande vedtak om delegasjon av vedtaksmynde for fondet:

- a. Inntil 200.000 delegert til administrasjonen i Sogndal kommune.
- b. Søknadsbeløp over 200.000 delegert til formannskapet.

Søknadar skal handsamast fortløpande, og den samla bruken av fondet skal søke ei fordeling i tråd med denne nøkkelen:

- a. 60% til verksemdar heimehøyrande i Sogndal innan dei næringane som er prioriterte i retningslinjene
- b. 20% til prosjekt med regionalt nedslagsfelt og med prosjekteigarar frå minst to kommunar
- c. 20% til mobilisering til utviklingstiltak og fellesprosjekt (kurs, opplæring, tilrettelegging, forstudie osv.)

Bruk av fondet skal rapporterast til formannskapet etter kvart. Det skal lagast årsrapport til kommunestyret i samband med handsaming av årsmelding og rekneskap.

3. Målsetjing med fondet

Fondet skal bidra til å dempe effektane av koronakrisa i næringslivet, og stimulere til sysselsetjingsvekst i samsvar med gjeldande strategisk plan for nærings- og samfunnsutvikling, samt tilhøyrande relevante handlings- og prosjektplanar.

- a. Prosjekt med stor sysselsettingseffekt skal prioriterast. I tillegg er det eit overordna mål å bidra til meir regionalt samarbeid i næringslivet og næringsutviklingsarbeidet.
- b. Prosjekt som er knytt til prioriterte områder i strategisk plan for nærings- og samfunnsutvikling, samt tilhøyrande handlingsplanar og regionale prosjekt, vert prioriterte. Næringsnettverket i Sogn skal brukast til å sikre god samordning av regionale prosjekt.
- c. Prosjekt knytt til reiseliv skal koordinerast med Visit Sognefjord. Eventuelle prosjekt med Visit Sognefjord som søkar skal koorinerast gjennom næringsnettverket.
- d. Prosjekt med fleire enn ein søkar og prosjekt som har potensiale for å løyse ut fleire eksterne midlar vert prioriterte.

- e. Verksemdar som heilt eller delvis har falle utanfor tidlegare ordningar skal prioriterast, særleg dei som har fått redusert aktiviteten som ein direkte fylgje av smittevernsreglane.
- f. Prosjekt som fører til omstilling og nyskaping skal prioriterast.

4. Støttevilkår

Det vert gjeve tilskot på følgjande vilkår:

- a. Tilskot til bedriftsutvikling: Samla støtte frå næringsfondet skal som hovudregel ikkje overstige 50% av kapitalbehovet. I prosjekt som svarar til særleg mange av føringane kan det gjevast inntil 75% støtte. Dette inkluderer bruk av tilsvarande fond i andre kommunar for regionale prosjekt. Det er ikkje beløpsgrense for bedriftsutviklingstilskot.
- b. Tilskot til investeringar: Samla støtte frå næringsfondet kan maksimalt utgjere 30% av kapitalbehovet. Maksimalt tilskot til investeringar er kr. 100.000,- per prosjekt.
- c. Godkjende kostnader skal vere rekneskapsført og attestert av rekneskapsfører/revisor.
- d. All støtte vert gjeve i samsvar med EØS-regelverket og reglar for bagatellmessig støtte.

5. Klage

Vedtak vert rekna som enkeltvedtak etter §2 i forvaltningslova, og kan påklagast. Formannskapet er klagehandsamingsorgan for administrative vedtak. Kommunestyret er klagehandsamingsorgan for vedtak i formannskapet.